




ÅL KOMMUNE

# Tilstandsrapport 2020

for  
oppvekstsektoren  
i Ål kommune





**Innhald**

1.	Innleiing .....	5
2.	Oversikt over avdelingane i oppvekstsektoren .....	5
2.1	Barnehage.....	5
2.2	Skule .....	7
2.3	Andre avdelingar i oppvekstsektoren.....	7
3.	Nasjonale planar og lokale styringsdokument .....	8
3.1	Rammeplanen for barnehagane.....	8
3.2.	Kunnskapsløft og fagfornyning.....	9
3.4.	Betre lærung i Ål .....	9
4.	Betre lærung, resultatmål .....	9
4.1.	Mål for skulestartarane i Ål kommune .....	9
4.2.	Redusere spesialundervisninga til landsgjennomsnittet.....	10
4.2.1.	Spesialundervisning.....	10
4.2.2.	Barn med store og samansette behov .....	11
4.3.	Nasjonale prøveresultat på landsgjennomsnittet.....	11
4.3.1.	Engelsk.....	12
4.3.2.	Rekning .....	14
4.3.3.	Lesing.....	17
4.3.4.	Korleis bruke nasjonale prøver.....	21
4.3.5.	Skulebidragsindikatoren.....	21
4.4.	Grunnskulepoeng etter 10. trinn på landsgjennomsnittet .....	23
4.5.	Resultat elevundersøking betre enn landsgjennomsnittet.....	25
4.6.	Fråfall i vidaregåande skule .....	25
5.	Betre lærung, «ettertrykk».....	26
5.1.	Tidleg innsats språk .....	26
5.2.	Del av 4-årskontroll i barnehage .....	26
5.3.	Overgangsplan.....	26
5.4.	Lydfargemetoden .....	26
5.5.	Fysak i fag .....	26
5.6.	Lesing i alle fag .....	26
5.7.	MOT og «Kjærlighet og grenser» .....	26
5.8.	Tverrfagleg samarbeid.....	27
5.9.	Elevutjamning.....	27
6.	Betre lærung, utviklingsområde .....	27

6.1. Grunnleggjande ferdigheter .....	27
6.2. Pedagogisk planarbeid .....	27
6.3. Digital kompetanse.....	28
6.4. Inkluderande læringsmiljø.....	28
6.4.1. Rutine – nettverk for føresette i Ål kommune .....	28
4.3.5. Modell for betre tverrfagleg innsats (BTI).....	28
7. Dialogmøte .....	29
8. Foreldreundersøking .....	29
9. Betre læring, kompetansearbeid.....	29
9.1. Desentralisert ordning for kompetanseutvikling (DeKomp) .....	29
9.2. Digital kompetanse.....	30
9.3. Kompetansekrav for lærarar i fag .....	30
10. Utfordringar og arbeid framover.....	30
10. Avrunding .....	32

## 1. Innleiing

Kommunen ved kommunestyret er formell eigar av dei kommunale barnehagane og skulane. Kommunestyret har eit overordna ansvar for at barnehagane og skulane gir eit kvalitativt godt tilbod til barn og unge.

Etter Opplæringslova § 13-10 skal Ål kommune ha eit forsvarleg system som sikrar at lover og forskrifter blir helde. I tillegg skal systemet sikre oppfølging av resultat frå dei nasjonale kvalitetsmålingane. Det overordna målet er å bidra til kvalitetsutvikling på alle nivå i grunnopplæringa og slik auke læringsutbyttet for den einskilde eleven.

Frå 2010 er kommunen pålagt å utarbeide ein årleg tilstandsrapport for grunnskulen. Tilstandsrapporten skal vere eit viktig styringsverktøy for skuleeigar, og skal hjelpe dei folkevalde, administrasjonen og avdelingsleiarane til å evaluere og utvikle tenestene i sektoren. I Ål kommune vil politikarane at denne rapporten skal handle om alle avdelingane i oppvekst, dvs. barnehagane, PPT, kulturskulen og helsestasjonen.

### Tilstandsrapporten for 2020 rapporterer på dei to kvalitetsmåla i Betre læring 2016-2020.

Tilstandsrapporten gir eit bilet av korleis oppvekstsektoren arbeider for å nå kvalitetsmåla med tilhøyrande resultatmål, «ettertrykk», utviklingsområde og kompetanseområde.

Då pandemien råka arbeidet med å rullere nytt strategidokument, så blei det til at arbeidet med nytt strategidokument vert utsett til 2021, og dermed vert betre læring 2016-2020 gjeldande også for skuleåret 2020 / 2021.

## 2. Oversikt over avdelingane i oppvekstsektoren

Til oppvekstsektoren i Ål høyrer fire Barneskular, ein ungdomsskule, fem barnehagar, kulturskule, innvandartenesta/VO, PPT, helsestasjon og eit oppvekstkontor. Fleire opplysningar er å finne på heimesida [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)

### 2.1 Barnehage

Pr. 15.12.2020:

Barnehage i Ål	Avdelingar/ plassar	Grunnbemanning				Møte- ressurs	Styrking	Språk- ressurs	Tidleg innsats	Sum
		Styrar	Pedagog	Assistent	Sum					
Nordbygdene barnehage	2 avd, 36 plassar	0,8	2,0	3,6	6,4	0,2	0,4		0,2	7,2
Sando barnehage	2 avd, 42 plassar	0,8	3,0	3,8	7,6	0,2			0,2	8,0
Skattebøl barnehage	2 avd, 30 plassar	0,8	3,0	2,0	5,8	0,2			0,2	6,2
Sundre barnehage	6 avd, 108 plassar	1,8	8,0	10,0	19,8	0,4	2,0	0,4	0,4	23,0
Torpo barnehage	2 avd, 30 plassar	0,8	2,0	2,6	5,4	0,2	1,4		0,2	7,2

Ål kommune har full barnehagedekning og alle som har søkt plass har fått tilbod, også utanom hovudopptaket. Per 15.12.20 hadde 168 barn plass i barnehagane i Ål.

Slik har barnetalet utvikla seg dei siste år:

År	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Tal barn i barnehage	168	174	173	185	200	202	220

Tal barn i barnehage er omtrent det same som på tilsvarende tidspunkt i 2019. Frå januar er det tildelt 10 barnehageplassar til barn som stod oppført på venteliste, slik at det reelle talet på barn i barnehage er høgare i januar 2021 enn det var i januar 2020.

Frå 01.08.18 er det innført nasjonal pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og minst ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Pr 15.12 hadde Ål kommune ingen pedagogar på dispensasjon.

Frå 01.08.18 vart det også innført nasjonal bemanningsnorm. Norma stiller krav om ei bemanning som tilsvrar minst ein vaksen per tre barn under tre år og ein vaksen per seks barn over tre år. Den nye bemanningsnorma tilsvrar den bemanninga Ål har hatt i barnehagane også tidlegare.

Dei siste åra har barnehagane omdiagonert ein ressurs for å dekke opp auka møtetid og arbeid utanom avdelinga, i sum for alle barnehagane tilsvrar dette 120 % stilling. I tillegg har det dei tre siste åra vore mogleg å omdiagonere delar av styrkingsressursen til ein generell tidleg innsatsressurs. Denne tilsvrar til saman 120 % i sum for alle barnehagane. Barnehagane melder at dette er nyttige tiltak for å arbeide med politiske føringer og kvalitetsmåla i Betre læring, og barnehagane ynskjer at ordningane blir vidareført. Frå august 2021 kan det sjå ut som det vil bli eit auka behov for styrkingsstillingar i barnehagane og etter innsparinga som vart gjort i samband med budsjett 2021, kan det sjå ut som om barnehagesektoren har for liten ramme til å dekke inn det auka behovet.

Tidlegare fekk kommunane tilført midlar som kunne nyttast til språkgrupper. Denne ordninga vart omorganisert i 2017 og gjorde at Ål kommune ikkje lengre oppfylte kravet til å få denne ressursen. I samband med budsjett 2021 fekk sektoren tilført midlar tilsvarande 40 % stilling. Denne stillinga vil bli nytta i Sundre barnehage, der det er flest minoritetsspråklege barn. Pr. 15.12.2021 hadde Sundre barnehage 17 minoritetsspråklege barn. Dersom dette barnetalet held seg slik, vil det vere behov for å vidareføre denne ressursen også i 2022. Det er viktig å kunne gje desse barna ein god start ved å lære dei ord og omgrep tidleg, slik at dei kan kommunisere og kome inn i leiken på ein god måte. Dette blir arbeidd med kontinuerleg for alle barn, men det viser seg at språkgrupper og ekstra oppfølging er svært viktig for dei minoritetsspråklege barna.

Som einaste kommune i Hallingdal har barnehagane i Ål hatt 18 timer til personalmøte pr. år. Denne tida skal nyttast til planarbeid, arbeid med felles prosjekt i sektoren og kompetanseheving. Andre kommunar har 27 timer. Difor fekk barnehagane styrka budsjettet i 2020 slik at også barnehagane i Ål fekk ressurs til 27 timer. Ordninga er vidareført i 2021 og det blir viktig å sikre dette som ei fast ordning frå 2022. Det er ingen tvil om at barnehagane treng minst denne tida til felles arbeid med utvikling.

Det er ikkje krav om utdanning for å vere assistent. Mange av assistentane har lang fartstid og mykje realkompetanse. Dei fleste fast tilsette assistentane har siste åra teke fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar.

## 2.2 Skule

Tabellen syner oversikt over tal på elevar ved skulane inndelt etter årskull:

Skulane i Ål	1	2	3	4	5	6	7	Sum	
Nordbygdene skule	7	9	5	10	12	4	9	56	
Nedre–Ål skule	19	17	13	19	39	41	36	174	
Skattebøl skule	6	11	15	10				42	
Torpo skule	5	5	6	8	8	5	11	47	
									8 9 10
Ål ungdomsskule								200	78 53 69
<b>SUM</b>	37	42	39	47	59	50	56	<b>529</b>	

Tala er henta frå GS1 innrapportering hausten 2019.

Elevtalsutviklinga sidan 2010:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Elevtal	643	642	642	643	641	634	638	590	581	559	540
Fr.språk*)	49	47	58	64	66	64	71	68	67	66	66

\*) viser kor mange av elevane som er framandspråklege. Tal henta frå GS1.

Elevtalet var fram til 2016 stabilt rundt 640 elevar. Våren 2017 vart mottaket på Torpo lagt ned. Hausten 2021 er 37 elevar skrivne inn på 1. trinn og samla elevtal neste skuleår blir rundt 530 elevar.

Oppvekstsektoren har dei siste åra redusert talet på lærarar, men fordi elevtalet også går ned, er det rimeleg god lærardekning i Ål kommune. I Ål er tal elevar per undervisningsårsverk 10,5. Nasjonalt er det 11,6 elevar per undervisningsårsverk. Ål har mange barn med store og samansette behov. Dette året er talet 32 elevar og 7 barnehagebarn. Mange av desse elevane treng tett oppfølging av lærar og/eller tilsette med annan fagkompetanse.

## 2.3 Andre avdelingar i oppvekstsektoren

Andre avdelingar	
Ål kulturskule	352 elevplassar fordelt på 261 elevar. 12 lærarar (inkl. rektor) i hovudsak i deltidsstillingar (5,15 stillingsheimlar). Disiplinar: dans, teater, slagverk, song, piano, hardingfele, fiolin, gitar, bass, kontrabass, kulturmagi, visuell kunst og yoga. Rektor administrerer også «Den kulturelle skulesekken» i kommunen.
PPT for Ål og Hol	7,5 stillinger med leiar og merkantil. I tillegg har PPT faglig og administrativt ansvar for logopedtjenesten for Ål og Hol. Økonomisk og rapportansvar for logopedstillingane liggjer til i oppvekst i Ål og Hol. PPT skal hjelpe barnehage og skule med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge til rette for elevar med særlege behov og utarbeide sakkunnig vurdering der lova krev det.  PPT har 1 stilling til systemarbeid skuleåret 20/21.

Helsestasjonen	5,40 stillingar er fordele på jordmødre, helsejukepleiarar og sekretær. Desse stillingane skal ivareta tenesteområda: Svangerskapsomsorg, jordmorvakt, helsestasjonstenester 0-5 år, skulehelseteneste 5-20 år, helsestasjonen for ungdom, reisemedisin, smittevern og influensavaksinasjon. I tillegg er 0,25 stilling for koordinernade eining tillagt helsestasjonen. Vi har søkt på prosjektmidler som skal styrke tenesten både for jordmor og helsejukepleier.
Innvandrertenesta (Vaksenopplæring og flyktningeteneste)	<p><u>Vaksenopplæring:</u> 3,6 stilling ved Ål vaksenopplæring underviser busette flyktningar, familiesameinte og arbeidsinnvandrarar frå Ål og Hol, samt til saman om lag 25 elevar. Skulen flytta inn i nye lokale på Ål kulturhus 1.1.20.</p> <p><u>Flyktningtenesta:</u> 1,6 stilling fordelt på to flyktningkonsulentar. Ansvar for å etablere og følgje opp busette flyktningar, og for å organisere og følgje opp introduksjonsprogrammet. I 2020 vart det busett 6 overføringsflyktningar, samt 1 flyktning på familiegjenforeining. Tenesta flytta inn i kontor på kulturhuset 1.11.20.</p> <p>I tillegg har avdelinga ei leiarstilling (ansvar for vaksenopplæring og flyktningeteneste), totalt 6,2 stillingar.</p>

### 3. Nasjonale planar og lokale styringsdokument

#### 3.1 Rammeplanen for barnehagane og psykososialt barnehagemiljø

Arbeidet i barnehagen er tufta på den nye nasjonale rammeplanen, som vart gjort gjeldande frå 1.august 2017.

Gjennom omsorg, leik og læring skal barnehagane byggje sosial og språkleg kompetanse ved å arbeide med aktivitetar innan desse fagområda:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Antall, rom og form.
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

Barnehagane har arbeidd med implementering av den nye rammeplanen sidan hausten 2017. Dette har vore eit viktig og prioritert utviklingsarbeid som blir avslutta våren 2020.

Barnehagane pliktar å lage eigne årsplanar som m.a. viser korleis dei arbeider med fagområda. Ål har utarbeidd ein felles Årsplanmal for barnehagane.

Arbeid i barnehagen er også tufta på det nye kapitlet i barnehagelova om psykososialt barnehagemiljø (§§41-43), som vart gjort gjeldande frå 1.januar 2021. Barnehagen skal arbeide førebyggande og har ein aktivitetsplikt til å gripe inn og sette i verk tiltak for å skape eit godt trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Barnehagen pliktar å lage aktivitetsplanar med tiltak der ein får kjennskap til barn/gruppe av barn som ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

«Plan mot utestenging og mobbing i Hallingdal» er revidert i tråd med ny lovparagraf, og har fått namnet «Godt psykososialt miljø – barnehagane i Hallingdal».

### **3.2. Kunnskapsløft og fagfornyng**

I skulen er den nasjonale læreplanen det viktigaste styringsdokumentet for undervisninga. Alle aktivitetar i skulen skal vere forankra i læreplanen Kunnskapsløftet. I 2018 vart det utarbeidd ny overordna del, og fram mot skulestart august 2020 blir alle læreplanane reviderte. Overordna del handlar om å utvikle heile mennesket, og gir sterke føringar for arbeidet med ein meir konkret fagplandel. Kvar einskild lærar og kvar skule har det operative ansvaret.

### **3.4. Betre læring i Ål**

Strategidokumentet Betre læring i Ål kommune 2016 – 2020, er ein temaplan i det kommunale plansystemet, og dokumentet viser kva oppvekstsektoren i Ål kommune skal satse på for å betre læringsutbyttet hos barn både i barnehage og skule, og det skal sikre at alle får den opplæringa dei har krav på.

Handlingsplanen Betre læring er ein tiltaksdel og blir rullert kvart år i planperioden. I 2020 blir også strategidokumentet med kvalitetsmåla rullert. Dette kan gi endringar i heile planstrukturen. Rulling av strategidokumentet for 2021-2025 blei utsett til 2021 då pandemien råka og tvang oss til å prioritere annleis.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som har arbeidsmøter fram til strategikonferansen kor det vert presentert eit utkast til nytt strategidokument. Dokumentet vert så sendt på høyring og politisk handsama i juni/august 2021.

## **4. Betre læring, resultatmål**

Resultatmål skal hjelpe oss i arbeidet med å nå kvalitetsmåla. Dette er statistikk med eit lite talgrunnlag. Det kan likevel gi oss informasjon å bruke i meir langsiktig arbeid.

Resultatmål i Betre læring:

1. Skulestartarane er førebudd i samsvar med «Mål for skulestartarar i Ål kommune».
2. Redusere spesialundervisninga til landsgjennomsnittet.
3. Nasjonale prøver minst på landsgjennomsnittet.
4. Grunnskulepoeng etter 10. trinn minst på landsgjennomsnittet.
5. Resultat på elevundersøkinga betre enn landsgjennomsnittet.

I Betre læring har oppvekstsektoren i Ål spissa dei nasjonale føringane i rammeplan og kunnskapsløft:

### **4.1. Mål for skulestartarane i Ål kommune**

Ål kommune har utarbeidd eigen overgangsplan der overgangen frå barnehage til barneskule er systematisert. Den gjeld alle barn i kommunen.

#### **Hovudmål**

Overgangsplanen skal sikre samanheng i læringsløpet til barn og unge i Ål kommune. Barn og unge med føresette skal føle seg trygg på at alle blir møtt av ein barnehage og skule som kjenner dei og legg til rette for tidleg innsats og ein god start.

Overgangsplanen skal sikre:

- Gode rutinar, lik praksis og systematisk samarbeid mellom einingane.
- Ein meiningsfull samanheng i læringsløpet.
- Tidleg innsats for barn med særskilte behov.
- Ein trygg skulestart for barn som byrjar i 1. klasse og for dei føresette.

Det er oppretta nettverk for pedagogar som har skulestartarar. Nettverket skal støtte pedagogen i arbeid med pedagogiske opplegg og arbeidsmåtar spesielt i høve til språk- og sosial kompetanse og fleirspråklege barn. I tillegg skal nettverket arbeide med pedagogiske mål for skulestartarar, og det skal sjå på pedagogiske samanhengar mellom barnehage og Barneskulen.

## 4.2. Redusere spesialundervisninga til landsgjennomsnittet


Målet er å dreie innsatsen frå einskildvedtak og over mot systemarbeid og tilpassa opplæring. Me har for mange små vedtak om spesialundervisning som burde ha vore tilpassa opplæring i staden for.


### 4.2.1. Spesialundervisning

I 2020 fekk 6 barn spesialpedagogisk hjelp i barnehagen. Tal tidlegare år: 2012 – 6, 2013 – 4, 2014 – 5, 2015 – 7, 2016 – 7, 2017 – 3, 2018 - 6 og 2019 – 8 barn. Gjennom mellom anna Felles Løft har barnehagen fått auka kompetanse på språk og sosial utvikling. I eit tidleg innsats-perspektiv er det viktig å kunne prioritere hjelp til barnehagebarn med særlege behov. Styrkingsressursen har difor auka siste året.

I Ål kommune har 15,6 % av barna vedtak om spesialundervisning skuleåret 2020/21. Dette er ein auke frå året før på 1,8%, og er langt over landsgjennomsnittet som er 5,9 %.

Det blir undervist i litt over 50.000 årstimar i grunnskulen i Ål. Over 14.000 av desse timane, eller 28 % av timeressursen, er knytt til enkeltvedtak. Skuleåret 2013/2014 var andelen 25 %. Målet er framleis å gjera meir av den bundne enkeltvedtaksressursen om til læringsstøtte i den vanlege undervisninga. Dette gjeld særleg elevar som har få timar med vedtak.





Tabellen over viser at mange elevar har under 190 timer spesialundervisning, og det same gjeld for 2020-2021. Elevar med store vedtak under 191 t går totalt ned. Men ei auke i elevar med vedtak om timer over 190 timer. Mange av desse elevane bør få hjelpe dei treng i ordinær undervisning og/eller med tilrettelegging. Tendensane er nedgang i retilmeldingar til PPT. Tal på spesialundervisning er frå 1.10.2020.

Ål og Hol innførte skuleåret 2018-19 ein ny arbeidsgang for tilpassa opplæring, der målsetjinga er færre oppmeldingar til PPT og meir tilpassa opplæring. God tilpassa undervisning kostar om lag det same som spesialpedagogiske tiltak for behovet til barnet er ofte det same. Ser ein på tala frå i fjor til i år har det blitt ei markant nedgang i vedtak under 190 timer, den er nesten halvert. PPT starta saman med skulane hausten 2020 eit godt systematisk arbeid med å få tilrettelagt den ordinære undervisninga slik at desse elevane får hjelpe her. For skuleåret 2020-2021 har PPT også styrka arbeidet til å sjå meir strukturert på tilbodet rundt den tilpassa opplæringa i skulen opp mot tilmeldte spesialpedagogiske behov. Me gjorde ein av stillingane i PPT til ei midlertidig rettleatingsstilling for inneverande skuleår. Ein PPT - rådgjevar blei midlertidig tilsett for å arbeide systemretta imot skulene, og har ikkje drive med sakskriving. Det er ei målsetting å få fleire tilsette i PPT til å arbeide meir systemretta imot skulene, og det arbeidet er i gang. Det er også ein av intensjonane i prosjektet Frå plan til praksis. Kommunar som lykkast med å få ned talet på spes.ped.vedtak, har satsa på god lærartettleik. Det vil for skuleåret 2021/2022 fortsatt ha fokus på å få til eit 2-lærarsystem i 1.-4. trinn.


#### 4.2.2. Barn med store og samansette behov

Det er utan tvil ei stor gruppe elevar i Ål skulen som har store og samansette behov. Ressursane er knytt til enkeltelevar, og det gjer det krevjande å få til auka fleksibilitet og høve til å nytte ressursane meir effektivt og elevretta. Me ynskjer å få til fleire løysingar kor fagkompetanse kjem meir klassen/gruppa til gode. Me har fått til eit godt arbeid på dei lågaste trinna med gode rutinar og tverrfagleg samarbeid.

## 4.3. Nasjonale prøveresultat på landsgjennomsnittet


### 4.3.1. Engelsk

#### Engelsk, 5.trinn, 2020-21:




Ål kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, 2020–2021, Trinn 5, Begge kjønn

På barnetrinnet er det tre mestringsnivå. Mestringsnivå 1 (mørkeblå farge) er det dårligaste nivået. Ål kommune ligg langt under nasjonalt mestringsnivå. Engelsk for 5. trinn har over tid dårlig resultat:




Ål kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

## Engelsk, 8. trinn 2020-21:



Ål kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2020–2021, Trinn 8, Begge kjønn


På ungdomstrinnet er det fem mestringsnivå. Det er engelskkunnen elevane har tileigna seg på 5.-7. trinn som blir testa på 8. trinn. Resultatet ligg langt under nasjonalt snitt, også sett over tid:



Ål kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn


### 4.3.2. Rekning

#### Rekning, 5. trinn 2020-21:




Ål kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, 2020–2021, Trinn 5, Begge kjønn

Resultatet for rekning på 5. trinn er under landssnittet. Målt mot nasjonalt nivå har Ål ein større del av elevane på det dårlegaste mestringsnivået, og Ål har også ein litt mindre del av elevane på det beste mestringsnivået. Det er markant større variasjon i matematikk i år. Slik har det i snitt vore dei siste åra:




Ål kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

## Rekning, 8. trinn, 2020-21:



Ål kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2020-2021, Begge kjønn


På 8. trinn er resultatet i rekning dette året litt under landssnittet. Me har mange elevar i mestringsnivå 3 som ein burde arbeide for å få over i mestringsnivå 4 og 5. Det er færre elevar i mestringsnivå 1 og 2 når ein samanlikne med landsgjennomsnittet. Resultatet på 8. trinn har variert dei siste åra og har enkelte år vore betre enn landssnittet:



Ål kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

## Rekning, 9. trinn, 2020-21

På 9. trinn er resultatet betre enn landssnittet. Slik har det vore i fleire år. Det betyr at ungdomsskulen arbeider godt med faget. I fleire år har Ål i snitt 75 % av elevane på dei 3 beste mestringsnivåa:




Ål kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn

### 4.3.3. Lesing


#### Lesing, 5. trinn, 2020-21:

I lesing er resultatet dette året omtrent på landssnittet. I fleire år har resultatet på 5. trinn vore betre enn landssnittet med fjaråret som eit «toppår». Men, med små tal blir årsvariasjonane større.




Ål kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

## Lesing, 8. trinn, 2020-21:



Ål kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2020-2021, Begge kjønn


Resultat på 8. trinn gir eit inntrykk av kor stort læringsutbyttet elevane har på mellomtrinnet. I lesing er resultatet noko under landssnittet. Som tabellen under syner, veksler resultatet over tid:



#### **Lesing 9. trinn, 2020-21:**

9. tinn kan syne til resultat er noko under landssnittet på mestringsnivå 1 til 3. Tendensen bakover i tid viser også at elevane i Ål oppnår større framgang frå 8. til 9. trinn enn landssnittet. (sjå neste tabell).

Resultatet på 9. trinn vitnar om godt læringsarbeid. I 2019-20 har 9. trinn ein større del av elevane på mestringsnivå 1 og 2 enn tidlegare. Me ser den same tendensen på 8. trinn inneverande år.



Ål kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn

#### 4.3.4. Korleis bruke nasjonale prøver.

Nasjonale prøver skal vere eit analyseverktøy i det pedagogiske arbeidet til læraren, rektor og skulen, og er eitt av fleire verktøy som fortel noko om læringsutbyttet til eleven. Resultata har størst verdi i det interne analysearbeidet der det blir sett saman med annan relevant informasjon.


Det er igjen viktig å understreke at i mindre kommunar med små tal, vil resultatet variere mykje frå år til år. Ein tydeleg tendens, som ein på kommunalt nivå må analysere betre, er svake resultat i engelsk. På den andre sida ser me at elevgruppa i Ål over tid oppnår større framgang frå 8. til 9. trinn enn landssnittet.

Når det er god framgang skal skulane leite etter «suksessoppskrifta», og der det ikkje er framgang eller dårleg resultat, må skulane leite etter faktorar som kan gjøre læringsarbeidet betre.

#### 4.3.5. Skulebidragsindikatoren.

Skuleåret 2014-15 kom ei ny måling, skulebidragsindikatoren. Denne målinga tar omsyn til fleire faktorar, som t.d. utdanningsnivå og inntektsgrunnlag til foreldra. Målinga deler i faktisk resultat og det resultatet ein forventar når ein tar omsyn til ulike levekårsfaktorar.


### Skulebidragsindikator 1.-4. trinn:



Ål kommune, Grunnskole, Skolebidrag 1.-4. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

På siste måling hadde 1.-4. trinn 0,8 færre skalapoeng enn det som var forventa. Med andre ord under snittet. Det er likevel betre enn den første målinga skuleåret 2014-15 då resultatet var 2,7 færre skalapoeng enn forventa. Det har dei siste åra vore gjort ein ekstra innsats på 1.-4. trinn med t.d. språk og leseopplæringa, og dette kan vere med å forklare noko av framgangen.


### Skulebidragsindikator 5.-7. trinn:



Ål kommune, Grunnskole, Skolebidrag 5.-7. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

På siste måling skårar 5.-7. trinn i Ål 0,2 % under det som var forventa.

### Skulebidragsindikator 8.-10. trinn:



På siste måling skårar 8.-10. trinn i Ål 0,2 skalapoeng under det som var forventa, og ein tilbakegang.


### 4.4. Grunnskulepoeng etter 10. trinn på landsgjennomsnittet

Grunnskulepoeng etter 10. trinn i samsvar med landsgjennomsnittet, er eitt av resultatmåla i Betre læring. Grunnskulepoeng for 10. trinn for perioden 2008 - 2019:

	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Ål kommune	38,7	39,4	38,6	40,6	39	40,5	41	40,2	41	42	41,4
Buskerud	39,7	39,9	39,8	40,5	40,1	40,9	41,4	41,6	41,9		43,4*
Nasjonalt	39,8	39,8	39,9	40,1	40,4	40,8	41,2	41,4	41,8	42	43,2

Tal frå skuleporten. \* Viken fylke

Grunnskulepoeng er snittkarakteren ein får ved å legge saman alle fagkarakterane, dele på fag og gange med 10. Grunnskulepoeng etter 10.trinn våren 2019 viser 42. Landsgjennomsnittet er 42. Resultatmålet i Betre læring er oppfylt.



Ål kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Tabellen viser at landsnittet blir stadig høgre.

Ål har også ei positiv utvikling. Med eit lite elevtal vil resultatet variere meir frå år til år.

Gjennomsnitt skriftleg grunnskuleeksamen vår 2014 - vår 2019 for 10. trinn:

	Ål	Na										
	2014		2015		2016		2017		2018		2019	
Matematikk	<b>2,9</b>	3	<b>3,4</b>	2,9	-	3,3	<b>4</b>	3,4	<b>3,8</b>	3,6	<b>3,7</b>	3,6
Engelsk	<b>3,6</b>	3,7	<b>3,5</b>	3,7	<b>3,5</b>	3,6	<b>3,5</b>	3,8	<b>3,7</b>	3,7	<b>3</b>	3,7
Norsk h.m.	<b>3,4</b>	3,4	<b>3,4</b>	3,4	<b>3,6</b>	3,5	<b>3,2</b>	3,3	<b>3,6</b>	3,5	<b>3,3</b>	3,4
Norsk s.m.	<b>3,1</b>	3,1	<b>3,8</b>	3,1	<b>3,3</b>	3,2	<b>3,3</b>	3,3	<b>3,6</b>	3,4	<b>3,4</b>	3,1

Tal frå skuleporten

Resultat nær landsgjennomsnittet er målsetjinga i Betre læring. I 2020 blei alle eksamenar avlyst på grunn av pandemien og i 2021 er også skriftleg eksamen avlyst. Derfor inga nye tal i tabellen.

## 4.5. Resultat elevundersøking betre enn landsgjennomsnittet

Den psykiske helsa er viktig for helse, trivsel, mestring og læring. Elevundersøkinga er ei årleg nettbasert undersøking for 7. og 10. trinn, der utgangspunktet er den opplevinga eleven har av eigen skulekvardag. Indeksane er delt etter ein skalaverdi frå 1–5, der høg verdi betyr positivt resultat.

Elevundersøkinga haust 2018		Kjelde: Skuleporten – elevundersøkinga		
	7. trinn, ÅL haust 20	7. trinn, nasj. haust 20	10. trinn ÅL haust 20	10. trinn, nasj. haust 20
Trivsel	3,9	4,2	4	4,1
Støtte frå lærarane	4,2	4,4	4,1	4,1
Støtte heimanfrå	4,1	4,3	4,2	4,1
Fagleg utfordring	3,8	4,0	4,5	4,3
Vurdering for læring	3,4	3,8	3,3	3,3
Læringskultur	3,6	4	4,2	3,9
Mestring	3,6	4	3,8	3,9
Motivasjon	3,5	3,7	3,3	3,5
Elevdemokrati/ medverknad	3,2	3,7	3,2	3,4
Felles reglar	4,0	4,3	3,9	4
Mobbing i skulen	13,8 %	7,5 %	- *)	5,5 %
Utdanning og yrkesrettleiring			3,9	3,8

\*) Færre enn fem elevar på trinnet har svara at dei blir mobba på skulen.

Når talgrunnlaget er lite, kan det bli store variasjonar frå eit år til neste. Ungdomsskulen hadde t.d. eit alarmerande høgt mobbetal hausten 2017. Året etter melder under fem elevar som mobbing.

Resultata på 7. trinn hausten 2020 var ikkje særleg positive. På trivsel, fagleg utfordring, mestring og motivasjon var resultatet under landssnittet. Den største bekymringa er likevel at 13,8 % av elevane på 7. trinn dette året melder frå om mobbing. Skulane tek dette på alvor og rektor har eit særleg ansvar for å sette i verk tiltak så snart det blir meldt om mobbing (aktivitetsplikta i § 9A). Skulane melder om at mange opplever mobbing i sosiale media og at dette smittar over i læringsarbeidet på skulen. Denne utfordringa kan skulen berre løyse gjennom dialog og i tett samarbeid med foreldre.

I ungdomskulen er det jamt over betre resultatet i Ål samanlikna med nasjonalt gjennomsnitt. Ungdomsskulen gjennomfører også elevundersøkinga på 8. og 9. trinn, og barneskulane har eigne trivselsundersøkingar.

## 4.6. Fråfall i vidaregåande skule

Fråfall i vidaregåande skule har minka frå 28 % i 2011 til 16 % i 2018 (årleg gjennomsnitt over 3-årsperiodar). Tala er henta frå Folkehelseprofilen til Ål kommune (*tal i parentes er for hhv. Buskerud\* og heile landet*). For Ål er dette ei god utvikling.

\*frå 2019 er det henta tal frå Viken fylke.

	Fråfall i vidaregående
2011	28 (28/26)
2012	25 (27/25)
2013	23 (27/25)
2014	16 (24/24)
2015	15 (24/23)
2016	16 (24/24)
2017	15 (24/23)
2018	16 (23/21)
2019	16 (19/20)

## **5. Betre læring, «ettertrykk»**

I Betre læring er det tre innsatsområde; «Ettertrykk», utviklingsområde og kompetanse.

Ettertrykket skal sikre at arbeid som er sett i gang gir varig endring.

### **5.1. Tidleg innsats språk**

Felles løft i barnehage i 2010 sette språkutvikling i barnehage på dagsorden. Som ein del av dette arbeidet vart språkplanen Godt språk laga, og BU-modellen vart teke i bruk. BU er ein modell som er til hjelp i begrepsinnlæring. Barnehagane nyttar også andre verktøy i begrepsinnlæringa.

### **5.2. Del av 4-årskontroll i barnehage**

Helsestasjonen skal gjennomføre ein 4-årskontroll. Det har vore gjennomført ei prøveordning med å ta delar av 4-årskontrollen i barnehagen. Dette gir ein betre observasjon av barnet i samspel med andre. Fysioterapeut har også vore med på denne observasjonen. Frå 2018 nyttar alle barnehagar delvis denne ordninga.

### **5.3. Overgangsplan**

Overgangsplanen skal sikre ein god overgang mellom barnehage og skule. Planarbeidet var ein del av Felles Løft. Sektoren kan bli betre til å vidareutvikle samarbeidet mellom barnehage og skule. Planen treng ein revisjon.

### **5.4. Lydfargemetoden**

Etter at prosjektet vart avslutta i 2016, laga ei arbeidsgruppe ein plan for korleis Lydfarge skal brukast i Ål-skulen. Det er etablert eit nettverk med ein ressurslærar frå kvar skule. Metoden blir arbeidd inn i ny lese- og skriveplan som er under arbeid. Arbeid blei utsett i 2020 pga pandemien, men vil bli starta opp att i 2021.

### **5.5. Fysak i fag**

Hausten 2015 innførte kommunen Fysak i fag i barneskulen. Fysak er lagt inn som ein del av rammetimetalet. Alle klassar på barnetrinnet skal i snitt ha tre halvtimar med fysak i veka. I tillegg er elevane fysisk aktive i kroppsøving, uteskule og friminutt. Våren 2019 var det ei evaluering som resulterte i at namnet «Fysak i fag» vart endra til «Fysisk aktiv læring» (FAL). Etter denne evalueringa og namneendringa blir det lagt mindre vekt på kravet om høg puls, og meir vekt på variert og aktiv læring.

Ungane i barnehagen er i regelen aktive i minst 60 minutt kvar dag. For barnehagane er det viktig å følgje opp inaktive barn.

### **5.6. Lesing i alle fag**

Ungdomsskulen har over år hatt fokus på at lærarane er leselærarar. Ål bibliotek har eigen barnebibliotekar som held tak i og som hjelper skulane med ulike lesestimuleringsprosjekt.

### **5.7. MOT og «Kjærlighet og grenser»**

Ål er med i MOT-programmet. Kommunen har skolerte informatører som gjennomfører økter med elevane på ungdomsskulen. I tillegg blir programmet «Kjærlighet og grenser» gjennomført på 8. trinn. Her er foreldre sterkt involvert. Diverre har begge programmene vore noko redusert under pandemien, men ved høve gjennomførast dei så godt det lar seg gjere. Me har fått ny Ungdomslos i kommunen som har fått med seg nye MOT-instruktørar, og dei har driver no med kursing for å bli MOT-coacher.

## 5.8. Tverrfagleg samarbeid

I tverrfaglege møte kan barnehagen/skulen drøfte både generelle utfordringar og på individnivå med hjelpeinstansane PPT, skulehelsetenesta og i enkelte møte også barnevern. Møtet har låg terskel for å drøfte bekymringar, men det kan vere utfordrande å fylge opp saker; kven har «stafettpinnen»? Ordninga med faste tverrfaglege møte er trappa noko ned etter at det tverrfaglege samarbeidet blir systematisert i BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats). Sjå punkt 6.4.

## 5.9. Elevutjamning

Dette punktet var med i struktursaka som vart avslutta i september 2018.

# 6. Betre læring, utviklingsområde

Betre læring har definert fire utviklingsområde i planperioden:

1. Grunnleggjande ferdigheter
2. pedagogisk planarbeid
3. Digital kompetanse
4. Inkluderande læringsmiljø

### 6.1. Grunnleggjande ferdigheter

Språkutvikling startar i barnehagen, og det er viktig å sikre at barnehagen kartlegg og gir hjelp til dei barna som treng ekstra oppfølging. Ein felles kartleggingsplan blir tatt i bruk vår 2020.

Gjennom Felles løft, steg 3, har barneskulane teke i bruk lesekurs som arbeidsform. I 2018 starta arbeidet med å lage ein ny felles språk- og leseplan i kommunen. Planen byggjer på arbeidet til Vigdis Refshal i Statped. Plan for 1. og 2. trinn blir prøva ut og justert inneverande skuleår. Plan for 3.og 4. trinn er under arbeid.

### 6.2. Pedagogisk planarbeid

#### Rammeplan.

Hausten 2017 tok barnehagane i bruk ny rammeplan for barnehagane. Det vart utarbeidd ei kommunal framdrift over to år for å implementere den nye rammeplanen. Fylkesmannen har arrangert konferansar for styrarar og barnehagemyndigkeit. I Ål er det lagt til eit tredje år, og arbeid relatert direkte til innføring av ny rammeplan blir avslutta vår 2020.

#### Ny overordna del og fagfornying.

Regjeringa har med verknad frå 01.09.2017 fastsett ny overordna del for læreplanen. Den overordna delen avløyser generell del og formulerer overordna prinsipp og verdigrunnlaget for grunnskulen. Overordna del har stor plass i fagfornyingsarbeidet, og regionen Hallingdal samarbeider med Høgskulen på Vestlandet om kompetanseutvikling i den desentraliserte ordninga Dekomp. Skulane tek i bruk reviderte fagplanar frå hausten 2020.

#### Pedagogisk planarbeid i tillegg.

- Barnehagane utarbeider kvart år ein pedagogisk plan for verksemda.
- Årstrinns- og avdelingsrapport er innført som ein del av kvalitetsårshjulet i oppvekst. Denne rapporten er ei kort evaluering av arbeidsåret og gir informasjon vidare til neste år.
- Kulturskulane i Hallingdal har utvikla nye fagplanar ilag med veiledarar frå Norsk kulturskuleråd.
- Dei siste åra har det vore eit tettare fagplansamarbeid mellom ungdomskulane i Hallingdal og dei to vidaregåande skulane. Dette samarbeidet vil halde fram.

## 6.3. Digital kompetanse

Sektoren følgjer framdrifta som vart skissert i prosjektplanen «IKT-prosjekt i Oppvekst - Ein digital skulekvardag for elevane våre». I løpet av 2019 fekk alle elevane tilgang til eigen Ipad eller pc. I Ål kommune skal digitale verktøy vere ein viktig del av den tilpassa opplæringa. Erfaringar i klasserommet tyder på at digitale verktøy motiverer både elevar og lærar i læringsarbeidet.

Det er tilsett av 20 % til IKT-rådgjevar oppvekst. Tidligare prosjektleiar og ei arbeidsgruppe planla hausten 2019 ei vidareføring av prosjektet for perioden 2020-2023 med tittelen «Det digitale klasserommet i fagforsyninga». I tillegg til opplæring er mellom anna infrastruktur og utstyr i barnehagane ein del av prosjektet. Dette er no under implementering i barnehage og i skulene er det drift etter implementering som er fokus. I økonomiplanen er det sett av 250.000 per år i planperioden.

## 6.4. Inkluderande læringsmiljø

Ål (og Hallingdal) vart frå januar 2018 med i eit statleg program: «Inkluderande barnehage- og skolemiljø, pulje 2». Gode og trygge læringsmiljø er viktig skal læring skje. Alle avdelingane i oppvekst koplar dette opp til pågående arbeid på eigen arbeidsplass, m.a. skal skulane ha ei prosedyre for korleis dei skal ivareta handlingsplikta i § 9A. Erfaringane i pulje 2 var gode. Frå januar 2020 er Hallingdal med i pulje 4. Dei to neste åra blir hovudfokuset å innarbeide system som er utvikla dei siste to åra, mellom anna «Rutine – nettverk for føresette i Ål kommune» og «modell for betre tverrfagleg innsats» (BTI) nå kalla «Trygg oppvekst».

### 6.4.1. Rutine – nettverk for føresette i Ål kommune

Nettverk for føresette er eit strukturert samarbeid mellom føresette til ei gitt gruppe barn og unge. Målet er å styrke og trygge samarbeidet mellom føresette til beste for barn og unge. Nettverket skal vere ein møteplass der ein kan få ny kompetanse og dele erfaringar om daglegdagse og felles utfordringar knytt til aldersgruppa og rolla som føresett.

Målgrupper for nettverka er føresette med barn i aldersspennet 0 - 16 år (10.trinn). Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) og foreldrekontaktar skal ha ei aktiv rolle saman med styrar/rektor/kontaktlærar i planlegging og gjennomføring av fastlagte nettverksmøte. Foreldrerepresentantane har ansvar for vidareføring av nettverksarbeidet gjennom året.

### 6.4.2. Trygg oppvekst

Modellen for betre tverrfagleg innsats (BTI) har fått nytt namn «Trygg oppvekst» og tek utgangspunkt i, og systematiserer det tverrfaglege arbeidet i kommunen. Mykje blir gjort bra, men no er det utarbeidd konkrete handlingsveilederar som fortel kva tilsette skal gjere når undring knytt til eit barn eller ein elev oppstår. Handlingsveilederane vart tatt i bruk hausten 2019. Ål (og Hallingdal) har kjøpt ei felles digital løysing for «Trygg oppvekst» som gjer det lettare for tilsette og innbyggjarar å sjå systemarbeidet kommunen har rundt oppfølging av barn og unge. Nettsida vil vere tilgjengeleg mot sumaren 2021.

I september 2019 gjennomførte KoRus sør ei undersøking for alle tenestene i kommunen som arbeider med barn og unge. Undersøkinga «måler temperaturen» på tidleg innsats-området. Svarprosenten var 71 % og viser at tilsette i Ål har størst kunnskap om korleis dei skal hjelpe barne med lærevanskar og psykiske og sosiale vanskar. Undersøkinga viser også at tilsette har minst kunnskap om, og er mest usikre på korleis dei skal handtere mistanke om seksuelle overgrep. Det er også ein klar tendens i undersøkinga at me er for lite flinke til å involvere barnet sjølv i arbeidet med å finne gode tiltak. Same undersøking vil bli gjennomført om tre år.

## 6. Dialogmøte

Det ble ikkje gjennomført dialogmøter våren 2021. Dette då det blei veldig krevjande å gjennomføre då det var restriksjonar som gjorde det utfordrande. Det vil bli gjennomført igjen 2022.

## 8. Foreldreundersøking

Det har ikkje vore gjennomført brukarundersøking i barnehagane i 2020.

## 9. Betre læring, kompetansearbeid

Kompetanseutvikling er viktig skal sektoren bygge gode profesjonsfellesskap. Fagleg påfyll med øving og veiledning knytt til eigen praksis gir best læringseffekt og endring i praksis. I Ål er Betre læring i Ål det viktigaste styringsdokumentet, men for å lykkast i endringsarbeid er det viktig at kvar avdeling definerer behov og arbeider fram tiltak lokalt.

### 9.1. Desentralisert ordning for kompetanseutvikling (DeKomp)

Dagleg drift og krav om kvalitetsutvikling stiller store krav til leiing og gjennomføringskraft. Berre gjennom felles regional samordning og prioritering vil me kunne gjennomføre dei oppgåvane oppvekstsektoren i Hallingdal er sett til å løyse. Kommunane i Hallingdal samordnar frå 2018 kompetansearbeid og leiarstøtte innan oppvekst i eit innsatsområde: **Livsmestring i eit inkluderande læringsmiljø**. Programmet er ein del av den statlege desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling (Dekomp). Hallingdal er av Fylkesmannen definert som ein eigen kompetanseregion og skal i større grad ta ansvar for etterutdanning og utvikling.

Sidan 2018 har Oppvekstleiarforum i Hallingdal arbeidd saman med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Dei er med og planlegg fagdagar, bidrar med fagpersonar og har gjennomført nettverksmøte i regionen både på kommunalt nivå og i den enkelte barnehagen og skulen. Hallingdal har avtale med HVL ut 2023. Hallingdal ynskjer å vidareføre samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet.

Samlingar i det regionale utviklingsprosjektet «Livsmestring i eit inkluderande læringsmiljø»:

#### Vår 2020

7. -8. januar	Leiarsamling for rektorane
15.-16. januar	Nasjonal samling, Inkluderande læringsmiljø, pulje 2, 3. samling
17.-18. januar	Leiarsamling for styrarane
11.februar	Kurs for kontaktlærarar, dialogduk
19. eller 20. februar	Leiarsamling for ped.leiarar
28. mars	Regional samling, Inkluderande læringsmiljø
3. april	Språk- og leseplan, oppfølging med Vigdis Refshal
4. april	Oppstartsamling, fagfornying, rektorar, leiargruppe, plassstillsvalde

#### Haust 2020

15. august	Dialogisk samtale v. Ingrid. Jørgensen for heile oppvekstsektoren
10. september	Rektornettverket i Hallingdal, fagfornying med HVL
17. og 18. september	Nasjonal samling, Inkluderande læringsmiljø, pulje 2, siste samling
26. september	Tryggleikssirkelen i regi av Hallinghelse
8. oktober	Skule/heim-samarbeid v Bente Granberg, Rektorane, FAU-leiar og k.k.
10. og 11. oktober	Regional samling, Inkluderande læringsmiljø, pulje 2, siste samling
31. oktober	Rektornettverket i Hallingdal, fagfornying med HVL

18. november	Regional planleggingsdag for alle i barnehagane m/Ingrid Bergkaste
18. november	Regional planleggingsdag for alle i skule m/Jo Røislien/Inger Bergkaste

## 9.2. Digital kompetanse

I 2020 vert det tilsett eigen rådgjevar for IKT i oppvekst. Tidligare prosjektleiar hadde laga ein implementeringsplan for barnehage som i 2020 stod for tur. Skulen har i 2020 hatt fokus på drift.

Kulturskulen, Vaksenopplæringa og bhg har kjøpt inn utstyr, hatt opplæring hjå tilsette og kursing for bruk av IKT. Rådgjevar for IKT har hatt ei 20% stilling i 2020. For 2021 vil mykje av satsinga som har vore gjort til no vises i gevinstrealisering og effektivisering samt kompetanseheving hjå tilsette. Utfordringane framover er å vedlikehalde satsinga med nok ressursar for driftskostnadane.

## 9.3. Kompetansekrav for lærarar i fag

Frå 2025 gjeld nye formelle kompetansekrav for å undervise på barnetrinnet og ungdomstrinnet. Det nye kompetansekravet har tilbakevirkande kraft, og kravet gjeld faga norsk, samisk, norsk tegnspråk, engelsk og matematikk. På barnetrinnet er kravet 30 relevante studiepoeng i desse faga. I dei andre faga på barnetrinnet er det ikkje krav om relevante studiepoeng. På ungdomsskula er kravet 60 studiepoeng (grunnfag) for det aktuelle faget. Det er ikkje krav om relevante studiepoeng i valfag, arbeidslivsfag og utdanningsval.

Hallingdal organiserer i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet eit regionalt tilbod om vidareutdanning slik: Engelsk 1 (1.-7.trinn) skuleåret 2017/18, Norsk 1 (1.-7.trinn) skuleåret 2018/19, Matematikk 1 skuleåret 2019/20 og Engelsk 2 (5.-10.trinn)skuleåret 2020/21, Norsk 2 (5.-10.trinn) skuleåret 2021/22, Matematikk 2 skuleåret 2022/23, Engelsk 1 skuleåret 2023/24, Norsk 1 skuleåret 2024/25, Matematikk 1 skuleåret 2025/26. Lærarar som melder seg på denne regionale vidareutdanninga blir prioritert.

## 10. Utfordringar og arbeid framover

Styringsdokumentet «Betre læring i Ål» skal rullerast i 2022. Planstrukturen har vore uendra sidan 2010. Følgjande er meint som innspel til dette rulleringsarbeidet.

Sektoren har to store utfordringa i tillegg til at barnetal og elevtal går ned. For det første må kommunen auke kvaliteten og systema rundt den ordinære undervisninga slik at talet på elevar som får vedtak om spes.ped. blir redusert. Fleire elevar må få tilrettelegging innanfor dei rammene ordinær undervisning gir. Elevar blir unødig stigmatisert og mistar trua på eigen mestring, og pedagogar, lærarar, hjelpeapparat og administrasjon brukar for mykje av verdifull tid på byråkrati. Dette arbeidet er i gang. Hjelpetenesta som arbeider systemretta og meir tverrfagleg i samarbeid kring det einskilde barnet, spes.ped. koordinator i skulene og ha nok ressursar til å stå i omstillingsarbeidet.

For det andre er samfunnet i stor endring og generelt aukar talet på barn og elevar som har store og samansette hjelpebehov. I kommune-Noreg er det ei utfordring at manglande kunnskap og for dårlige system bidrar til at ulike vanskebilete lett eskalerer. I 2019 har det vore gjort ein jobb med å implementere ei ny fagleg yrkesgruppe i skulene, miljørettleiarane. Prosjektet vil bli sluttevaluert i mai 2021. me treng fleire vernepleiarar og barnevernspedagogar i skulen.

Me har mange barn som er fosterheimsplaserte i Ål, barn med store hjelpebehov innafor fysisk og psykisk helseproblematikk. Pandemien har også følgjer som me begynner å sjå i vår kommune. Psykiske lidningar og reaksjonar på einsemd og eit langt år med restriksjonar har vore tøft for barn og unge som har fått store inngrep i sine liv.

Corona har endra sektoren for alltid. Me er blitt meir digitale som har gjett oss meir fleksibilitet og effektiv kvardag. Tilsette har gjort eit kvantesprang i IKT. Heldigvis hadde me gjort ei stor satsing på innkjøp av Ipad og PC i Ål-skulen. Det gjorde at me klarte omstillinga med heimeundervisning godt- og alle tilsette fortener skryt for innsatsen.

Hausten 2020 gjekk me inn med så kalla normal drift i gul beredskap. Det aller meste av utviklingsarbeid, planlagt kursing og driftsoppgåver gjekk som normalt i tillegg at me arbeide me etterslepet me fekk frå mars til sommaren. Det har vore eit felles løft og alle har tatt sin skjerv; frå assistenter, pedagogar, rådgjevarar, helsejukepleiarar, kulturlærarar, innvandrartenesta og avdelingsleiarar. Det har vore gjort ein innsats frå alle kor alle har hatt ein tanke; å gje dei aller beste tenestane. Heimeundervisning og oppfølging av enkeltelevar, digital kulturskule med danseundervisning heime i stova, bosetting av nye ålingar, digital sakkunningsarbeid, oppfølging av barnehagebarn som var heime og fekk med aktivitetspakkar til påske, beredskapsbarnehage og beredskapsskule og mykje, mykje meir. Corona vil prege sektoren også i 2021 og etterverknadane vil verte store. Sektoren har møtt kriseåret 2020 på best mogeleg måte. Det er ein handlekraftig og kompetent sektor skuleigar kan vere stolt av.

I oppvekstsektoren tek fleire prosjekt og prosessar tak i desse to utfordringane:

**1. Prosjektet «Frå plansystem til praksisendring».**

Sektoren har på plass fleire gode system med lokale handlingsplanar, BTI (betre tværfagleg innsats)/Trygg oppvekst, arbeidsgang for tilpassa opplæring, systematisk bruk av foreldrenettverk, gode overgangar mellom barnehage og skule, prinsipp og føringar i overordna del i den nye læreplanen, m.m. Dei neste to åra blir det viktig å sjå til at planarbeidet som er gjort fører til praksisendring. Det blir gjort ein avtale med Thomas Koefoed om å vere med som ekstern rettleiar i to år frå hausten 2020. Arbeidet skal ta utgangspunkt i det behovet kvar enkelt avdeling har. Prosjektgruppa skal ha klart ein prosjektplan frå hausten 2021. Kommunalsjefen er prosjektleiar.

**2. Prosjektet «Samordning og organisering av hjelpetenestene for barn og unge».**

Både politisk og administrativt har det ved ulike høve vore drøfta korleis kommunen skal organisere hjelpetenestene på ein best mogeleg måte. Med dei samfunnsendringane me står i, er godt tværfagleg arbeid ein avgjerande faktor for å lykkast. Etter forprosjektet «Samordning og organisering av tenester til barn og unge» i 2020 har ein i Sektorutval for kultur og oppvekst og i Sektorutval for helse og omsorg gjort eit vedtak i saka:

«Sektorutval for Helse og Omsorg og Sektorutval for Kultur og Oppvekst ber administrasjonen arbeide vidare med utvikling av tilbodet til barn og unge - deira familiar - der ein samlar fagfolka i ein ny avdeling – Familiens Hus.

Utvala vil ha ein vurdering av PPT sin rolle i ein slik avdeling. (...) Sektorutvala ber administrasjonen komme attende med ein plan som visar korleis ein vil utvikle tenestene innan Familiens Hus. Planen skal også vise korleis ein vil organisere og sjå heilskapen i dei avdelingar som er involvert i omorganiseringa.»

**3. Betre læring 2021-2025**

Rullering av strategidokumentet for 2021-2025 blei utsett til 2021 då pandemien råka og tvang oss til å prioritere annleis.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som har arbeidsmøter fram til strategikonferansen og som der vil presentere utkast til nytt strategidokument. Hovudinhaldet vil dreie seg kring

kompetanseheving / utviklingsarbeid, spesialpedagogikk i sektoren og, oppretthalde god kvalitet i små einingar og IKT-satsing i sektoren.

#### 4. Rettleiingsteneste

Kommunen har frå 01.01.2020 ein ferdig utdanna logoped i 100 % stilling. Ho er også audiopedagog. Primærroppgåva blir å arbeide i og ut mot barnehagar og skular i Ål. Stillinga er plassert i PPT for å høyre til i eit fagmiljø, men logopeden skal ikkje drive med tradisjonell sakkynnid utgreiingsarbeid. Tidleg logopedhjelp kan førebygge andre vanskar og hindre større ressursbruk seinare. Sektoren ser logopedstillinga som første steg med å bygge opp ei kommunal pedagogisk veilederteneste.

Me tilsette i august 2020 i midlertidig stilling ein til å gjøre systemretta rettleiing ut til skulene i Ål og Hol. Det har vore ein stor suksess og eitt etterlengta tilbod skulene har etterspurt lenge. Me ser det er ein nedgang på retilmeldingar og ressursar er omgjort frå spesialpedagogisk undervisning til tilpassa opplæring utan vedtak. PPT-rådgjevaren samarbeider med skuleleiinga, spesialpedagogane og kontaktlærarane. Me ynskjer å ha meir rettleiing frå PPT til sektoren. Dette vil me gjøre meir av, men utfordringa er å finne økonomiske rammer i ein stram sektor samt frigjøre PPT frå byråkratisk sakkunningsarbeid.

## 11. Avrunding

Tilstandsrapporten rapporterer på kvalitetsmåla i oppvekstsektoren 2016-2020. Tilstandsrapporten er ein del av kvalitetsårshjulet til oppvekstsektoren.